



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		52337/2010/	Jane Anita Aspen, 71 25 87 75	28.10.2010

Høyringsvar NOU 2010:7, "Mangfold og mestring"

Møre og Romsdal fylkeskommune har vidaregåande opplæring som ansvarsområde, og høyringsvaret er derfor tilbakemelding til kapittel 9 i NOU 2010:7, "Minoritetsspråklige elever i vidaregåande opplæring"

- Forslag til endring, Oppl. §3-1, femte leddet:
Dei elevane som har rett til utvida tid fordi dei har /har hatt enkeltvedtak om rett til særskilt språkopplæring etter §3-12, og i utgangspunktet ikkje har behov for spesialundervisning, skal iflg. lova vurderast av PPT.
Vi meiner det ikkje er føremålstenleg at det er PPT som er sakkyndig instans når desse elevane søker om utvida tid. I dei fleste tilfella vil dette vere PPT sitt første møte med elevar som allereie har gått 3 år i vidaregåande opplæring. Derimot er skolen dei som kjenner eleven sin dugleik i norsk, eleven si språkutvikling og om han er i stand til å nå måla han har sett seg dersom han får eitt/to år ekstra i vidaregåande skole. Føresetnaden for å få utvida tid er at dei har hatt særskilt språkopplæring og at dei av den grunn har brukt lenger til på innlæring av dei obligatoriske faga i utdanningsprogrammet, t.d. at dei har fått samtykke om Vg1 over 2 år.
Vi ser det som unødvendig at dei skal vurderast av PPT dersom dei er testa og kartlagde av skolen, og meiner denne kartlegginga er å sjå på som god dokumentasjon i dette tilfellet. (9.3.6)

Ein merkar seg vidare at utvalet har gjort eit solid og godt arbeid i forhold til denne elevgruppa, og vi har valt å kommentere nokre av punkta:

- å kvalitetssikre den særskilte språkopplæringa gjennom kompetanseheving for det pedagogiske personalet i vidaregåande skole er viktig, og da er ei sentral satsing på området nødvendig. (9.11.2)
- å utarbeide og innføre ein særskilt test i norsk for elevar som kjem til Noreg i ungdomskolealder eller seinare, er viktig for at dei skal kunne oppnå studiekompetanse. Det er viktig at testane blir utarbeidd sentralt. Det same gjeld testar for dugleik i norsk på ulike nivå i opplæringssystemet og i introduksjonsordninga. Elles kan nemnast at vi saknar "Norsk som andrespråk", og ønskjer at den læreplana vart innført igjen. Gjerne i redigert utgåve. (9.11.2)
- Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt minoritetsspråklege elevar moglegheit til å ta eitt utdanningsprogram over 2 år for å kunne intensivere den særskilte språkopplæring i kombinasjon med vidaregåande opplæring. Vi har ikkje hatt innføringsklassar, noko som har med spreidd busetting og avstandar å gjøre. Om ein skal ha innføringsklassar/-grupper der ein kombinerer språkopplæring og smakebitar frå vidaregåande fag, vil samarbeid med kommunane bli særleg viktig, både i forhold til økonomi og administrering. (9.11.4)
- meir kompetanse og ressursar til forsterka rådgiving for denne elevgruppa er viktig. Realitetsorientering for elevar og føresette er eitt stikkord i denne samanhengen. Informasjon om OT og OT si rolle må også vektleggast i rettleiinga til elevgruppa. Å auke språkkompetansen og få betre kjennskap til arbeidslivet gjennom å delta eitt år i arbeid gjennom OT gir elevar eit betre utgangspunkt for å velje rett utdanningsprogram i den vidaregåande opplæringa. (9.11.5)
- å inkludere desse elevane som ein del av ordninga der lærebedrifter får tilskott for "lærlinger med spesielle behov" ser vi på som positivt (9.11.7)

Saka skal handsamast i Fylkesutvalet 22. – 23. november 2010, og det endelege vedtaket vil bli sendt til Kunnskapsdepartementet etter dette møtet.

Med helsing

Per Hoem
fylkesutdanningssjef

Jane Anita Aspen
seksjonsleiar